



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
13.03.2023	22/916 - 15	

Oversending av vedtak - Søknad om tilkomstveg - gbnr. 160/22 - Klauvholmen/Rebnor

God måndag!

Formannskapet i Austrheim handsama denne saka i møtet torsdag 23. februar, som sak 018/23. Vedtaket står under, og sakspapira ligg ved.

I samband med handsaminga ba formannskapet om at Statsforvaltaren i Vestland blir invitert ut på synfaring, før de tek stilling til om de skal klaga på vedtaket. Synfaringa vil gjelda denne konkrete saka, men i tillegg kan ei meir felles forståing føra til at færre saker går vidare til setjestatsforvaltar. De kan gjerne gje oss eit hint med ulike alternativ for eit besøk ut til oss, så skal me sjå nærare på moglege datoar.

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten.

Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vennleg helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:



Sætremarka
5943 AUSTRHEIM



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Vedlegg:
Klagehandsaming - Søknad om tilkomstveg - gbnr. 160/22 - Klauvholmen/Rebnor
Klage - Austrheim - gbnr 160/22 - Klauvholmen - tilkomstveg - dispensasjon
Søknad om dispensasjon til bygging av tilkomstveg - gbnr 160/22 - Klauvholmen på Rebnor
Oversendingsmail
Oversendingsmail
Uttale - gbnr 160/22 - Klauvholmen - tilkomstveg - dispensasjon
Svar på uttale - dispensasjon frå kommuneplan - veg - gbnr 160/22 - Austrheim kommune
AcosSvarInn.xml
Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - veg - gnr. 160 bnr. 22 - Austrheim kommune
AcosSvarInn.xml
Dispensasjon - gbnr. 160/22 -Klauvholmen/ Rebnor - Tilkomstveg - Fritidsbustad

Kopi til:

Bård Jøren Bolstad Vallaheiane 89 5227 NESTTUN

Andre mottakarar:

Statsforvaltaren i Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Vestland

